

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 23.10.2017

Kjell Søvik (FFO) sette fram slikt spørsmål til opplæringsavdelinga:

«I tilfeller der elev eller lærar reagerer på sterke lukter (parfyme) i skulesamanheng (vidaregåande skule), eks der enkelte får allergiske utslag på andre sitt forbruk av parfyme og andre dufter. Har HFK rutiner eller regelverk som ivaretek den allergiske personen?»

RMNF sette fram eit ynskje om ein orientering om budsjett 2018 på neste møte i RMNF den 06.12.2017, frå økonomiavdelinga.

RMNF ynskja ein orientering frå Fyllingsdalen Vidaregåande Skule i desember-møtet 2017.

Kjell Søvik (FFO) vil gje ein kort orientering frå SOR-konferansen som han og Harald Norheim skal delta på.

Referat frå AU-møte den 10.10.2017 vil bli lagt ved innkallinga til neste møte i RMNF den 06.12.2017.

PS 100/17 Forslag til endringar i TT-ordninga vart behandla i MISA den 18.10.2017: Forslag til innstilling: Fylkesutvalet godkjenner at forslaget til nytt reglement vert sendt på høyring til kommunane og aktuelle brukarorganisasjonar og fylkeskommunale råd.

RMNF tek sikte på å ha julelunsj på Hotell Ørnen i samband med neste møte i RMNF den 06.12.2017.